



Arkoconsult As
Postboks 103
5291 Valestrandfossen

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/2829 - 23/43100

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:
05.06.2023

Førebels svar med trong for tilleggsopplysninger - gbnr 108/525 Lindås

Tiltak: Søknad om oppretting av nye grunneigedomar
Byggjestad: Gbnr 108/525
Tiltakshavar: Helland Gruppen AS
Ansvarleg sækjar: Arkoconsult AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 03.04.2023.

Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Del av parsell nr. 2 ligg som de nemner utanfor område sett av til bustad i reguleringsplan for Lindås prestegard. Delen som ligg utanfor er regulert til offentlege bygg i reguleringsplan for Riksveg 568 gjennom Lindås tettstad. Planid 1263-199001. Det må derfor sækjast om dispensasjon frå arealformålet for å dele frå denne delen til bustadformål. Informasjon om dispensasjon finn ein mellom anna på kommunen si heimeside: [Alver kommune - Dispensasjon](#)
2. Gjer merksam på at søknad om dispensasjon også skal nabovarlas.
Det må avklarast om me skal handsame søknad om oppretting av nye grunneigedomar på parsellane 1 og 3 før eventuelle tilleggsopplysningar er mottekne.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 04.07.2023. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

GENERELL INFORMASJON

Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med venleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas
Avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

| | | | |
|--------------------|----------------|------|--------|
| Helland Gruppen As | Idrettsvegen 3 | 5936 | MANGER |
|--------------------|----------------|------|--------|

Mottakarar:

| | | | |
|----------------|--------------|------|-------------------|
| Arkoconsult As | Postboks 103 | 5291 | Valestrandsfossen |
|----------------|--------------|------|-------------------|